

Anette Hvidevold
Kvitavollsvegen 32
5454 Sæbøvik
Norge
anetteh82@gmail.com
+4793210175

31.10.2025

964967636
Kvinnherad kommune
Rosendalsvegen 10
5470 Rosendal

Tilbakemelding på 'Særutskrift - løyve til tiltak - 196/4 - Driftsbygning i landbruket areal under 1000 m2 - Øvre Tofte 6'

Klage på vedtak om oppføring av driftsbygning på gnr. 196, bnr. 4 – Øvre Tofte

Til: Kvinnherad kommune – Forvaltningsutvalet, Landbrukskontoret

Frå: Anette Hvidevold, nabo til tiltaket

Dato: 31.10.2025

Vedrørende vedtak fatta 01.10.2025 om oppføring av driftsbygning i landbruket på Øvre Tofte: Eg ønskjer med dette å klage på vedtaket om å gi løyve til oppføring av driftsbygning på nemnde eigedom. Klagen byggjer på følgjande punkt

1. Manglande straum og vatn

Tiltakshavar har opplyst at det ikkje skal leggjast inn straum, og vatn skal borast etter. Dette gir grunn til å stille spørsmål ved korleis bygget skal fungere som sauefjøs, spesielt med tanke på:

- Vasstilførsel til dyr og brannsløkking
- Lys, ventilasjon og temperaturregulering.
- Rengjering og smittevern.

Med tanke på storleiken, kan ein anta at bygningen kjem til å romme eit større antal dyr. Det set større krav til tiltakshavar mtp overnemde punkt, og det ville vera naturleg at søknaden inkluderte ein meir detaljert plan enn «Innreiing etc. i bygget, blir ivaretatt av tiltakshavar etter gjeldande regelverk for dyrehaldet som skal være i bygget.»

2. Tidlegare misbruk av areal og manglande gjennomføring av nydyrking

Området har i fleire år vore brukt som deponi og maskinpark for tiltakshavar sitt anleggsfirma, til sjenanse for naboar. I tillegg til at naturen har vorte øydelagt pga ulovleg sprenging av fjell, og det faktum at vegen ikkje er dimensjonert for den bruken som tiltakshavar held på med. Det vart gitt løyve til nydyrking i 2017, men dette vart delvis trekt tilbake i 2020. Statsforvaltaren gav delvis medhald i klage, og presiserte at nydyrking på austsida kunne halde fram, medan vestsida måtte behandlast på nytt av kommunen.

Kommunen har ikkje fulgt opp dette vedtaket frå Statsforvaltaren, og har heller ikkje dokumentert at nydyrkinga på austsida er gjennomført eller påbegynt. Slik området står i dag er det lite som tyder på at nydyrking er intensjonen. Dette svekkjer tilliten både til tiltakshavar og til kommunen si saksbehandling, og gir grunn til å stille spørsmål ved om bygget faktisk skal nyttast til sauehald.

Kommunen bør kreve at tiltakshavar ordnar opp etter seg på vestsida av vegen, deretter faktisk få på plass nydyrking og fjerne alle spor av deponiet som er der no, før dei kan sette opp sauefjøs. Kommunen bør også legge til at bygget ikkje kan omsøkjast til anna føremål. Om tiltakshavars hensikt er å bygge sauefjøs, bør ikkje dette vera eit problem.

Dersom kommunen ikkje kan fatta eit slikt vedtak, bør kommunen trekke tilbake vedtaket og få tiltakshavar til å sette området tilbake til slik det var før. Grunnlag for dette kan ein finne i forskrift om nydyrking §4 (godkjenning av nydyrking)

Nydyrking kan bare skje etter plan godkjent av kommunen. Planen skal utarbeides av den som vil sette tiltaket i verk. Er nydyrking ikke iverksatt innen tre år etter at godkjenning er gitt, faller tillatelsen bort.

Ein skal leggje mykje godvilje til om ein kan kalle det som skjer i området for «iverksatt nydyrking». Området brukes i dag som deponi for søkjars anleggsfirma, noko ein tydeleg kan sjå på bilete, noko som strider imot intensjonen i tidligare vedtak og kan vere i strid med jordlova § 1 og § 11 om samfunnsgagnleg og miljøforsvarleg bruk av arealressursar.

Kommunen bør kunne stille strenge krav til dei som får løyve til å gjennomføra tiltak i natur som er sårbar eller viktig, som t.d. myr. Området består delvis av myr, som er eit viktig karbonlager og leveområde for amfibiar og andre arter. Det har tidligare vore eit yrande liv av amfibiar i området.

3. Klageinteresse og krav om utsett gjennomføring

Som nabo og berørt part har eg klagerett etter forvaltningslova § 28. Eg ber om at gjennomføring av tiltaket vert stansa inntil klagen er behandla, jf. forvaltningslova § 42.

Konklusjon og krav

Eg ber om at vedtaket vert oppheva eller utsett, og at kommunen krev:

- Betre dokumentasjon på bygningsutforming mtp brannvarsling m.m.
- At tidlegare godkjent nydyrking er gjennomført før nytt tiltak vert godkjent.
- At området ikkje vert nytta som deponi.

Mbh,

Anette Hvidevold